

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget ser at dei avgrensa økonomiske rammene føreset stram og målretta satsing for å få nokre viktige løft innan kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.
2. Fylkestinget vedtek prioriteringane som er gjort i handlingsprogrammet for 2017 med innsatsområda Inkludering, Kulturregion Vestlandet og løft for dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane som hovudsatsingar på tvers av fagfelta.
3. Fylkestinget støttar at kultur- og idrettsavdelinga set av ressursar til ei arbeidsgruppe, som aktivt følgjer opp arbeidet med kulturplanen gjennom eksterne og interne tiltak.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å legge fram sak knytt til investeringstilskot for publikumsbygg for Bergen bymuseum.
5. Fylkestinget tek statusrapport for 2015-2016 til etterretning.